



Kartverket Tinglysingen v/Marit Stensrud
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1145 - 18/9134

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

26.04.2018

Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 49/18

Knr 1256 Meland vert 01.01.2020 slått saman med Knr 1260 Radøy og Knr 1263 Lindås. Den nye kommunen vert Knr 4631 Alver.

I samband med avvikslister er det funne at matrikkeleining 49/18 i Meland kommune er utgått i matrikkel og består i grunnboka.

Det er funne dokumentasjon på at denne eigedommen gbnr 8/18 i Herdla kommune (ved kommunereform 1964 omgjort til gbnr 49/18 i Meland kommune), som vart oppretta ved skylddelingsforretning 06.11.1933 frå gbnr 8/12 i Herdla kommune, er utgått ved at den vart delt i 2 ved kartforretning 13.02.96.

I kartforretningen vart om lag halvparten av gbnr 49/18 overført til 49/12, medan andre halvparten vart overført til 49/100. Tomta 49/130 vart så utskilt frå 49/12. Sjå også teksten for forretning på vedlagt målebrev for 49/130 (dagboknr 2474). Vedlagt protokoll for kartforretninga viser også at forretninga gjaldt deling av 49/18 etter avtale. Gbnr 49/18 fekk navnet «Sjøstrand» i skylddelingsforretninga og navnet vart også brukt for å nevne oppmøteplass for kartforretningen: på parsellen 49/18 «Sjøstrand».

Det vert med dette bedt om at gbnr 49/18 vert sett som utgått i grunnboka då vedlagte skylddelingsforretning, protokoll for oppmålingsforretning og målebrev viser at denne matrikkeleininga gjekk ut ved kartforretning og oppretting av ny eigedom 49/130 i 1996.

Med helsing
A. M. Gullbrå
Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata



Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gunn R. Jacobsen

Vedlegg:

49_18skylddelelingsforretning

49_18protokoll for kartforretning

49_130mbrev